

Musea i Sogn og Fjordane
Gota 16
6823 SANDANE

Dykkar ref

Vår ref

Dato

21/1166-

28. desember 2021

Statsbudsjettet 2022 – tilskotsbrev

1. Statstilskot for 2022

Me syner til budsjettsøknad for 2022.

Kultur- og likestillingsdepartementet tildeler med dette Musea i Sogn og Fjordane eit driftstilskot for 2022 på **kr 41 310 000**. Tilskotet er løyvd under kap. 328, post 70, jf. Prop. 1 S (2021–2022) for Kultur- og likestillingsdepartementet, Prop. 1 S (2021–2022) Tillegg 1 og handsaminga i Stortinget av Innst. 14 S (2021–2022).

Av det samla tilskotet er **kr 1 020 000** knytt til Jakob Sande-senteret, **kr 681 360** til Måløyraidsenteret og **kr 522 240** knytt til formidlinga av tusenårsstaden Gulen.

Statstilskotet vil verta utbetalt kvart halvår til dykkar konto nr. 3705 16 96647. Fyrste delen av tilskotet vert utbetalt i januar 2022.

Fylkeskommunar og kommunar som nyt godt av kompetansen, formidlinga og andre tenester åt museet, har eit grunnleggjande delansvar for finansieringa av musea.

2. Mål

2.1. Mål og oppfølgingskriterium

Løyvingane til museum og andre kulturverntiltak byggjer opp under dei nasjonale måla om å medverka til at alle kan få tilgang til kunst og kultur av ypparste kvalitet, å fremja kunstnarleg utvikling og fornying, å tilby møteplassar og byggja fellesskap, og å samla inn, ta vare på, dokumentera og formidla kulturarv.

Museumsmeldinga, Meld. St. 23 (2020-2021) *Musea i samfunnet. Tillit, ting og tid*, vart handsama i Stortinget 7. juni 2021, jf. Innst. 573 S (2020-2021). Ein samla stortingskomité har slutta seg til dei nye måla og tiltaka på museumsområdet.

Måla for løyvingane til museum er å leggja til rette for den vidare utviklinga av institusjonane gjennom:

- solid kunnskapsproduksjon
- relevant formidling
- heilskapleg samlingsutvikling
- trygg ivaretaking
- aktiv samhandling

Musea skal utvikla og formidla kunnskap om den materielle og immaterielle historia til menneske og samfunn som har vore til i ulike tidbolkar, i samspel med verda ikring. Forsking og anna kunnskapsutvikling er sentralt i dette arbeidet. Departementet legg til grunn at institusjonen har kompetanse som kan stetta dette.

Musea skal ha ei fagleg fri stilling som gjev handlingsrom for å stilla kritiske spørsmål om både fortid og notid. Dette føreset armlengds avstand til offentlege styresmakter.

Kultur- og likestillingsdepartementet legg til grunn at musea sjølve er sentrale aktørar i si eiga utvikling. Profesjonell og solid drift er avgjerande for å få dette til. Trygg økonomi- og ressursstyring, systematiske prioriteringar, godt planverk, god digital kompetanse og effektiv bruk av digitale verkty, god museumsfagleg kompetanse og godt samspel med andre aktørar vil framover vera viktige styringsparametrar for museumspolitikken.

Kulturinstitusjonar som mottek faste, årlege driftstilskot over budsjettet åt Kultur- og likestillingsdepartementet, har vore, og er atter ein gong, hardt råka av smitteverntiltaka under covid-19-pandemien. Nedgang i aktivitet, mindre publikum og reduserte eigeninntekter vil venteleg påverka handlingsrommet for å medverka til å nå sektorpolitiske mål i 2022 med. I tida framover vil det truleg vera føresegner om smittevern som vil kunna svekkja måloppnåinga.

Siktemålet med dei omframme tilskota som vart løyvde i 2020 og 2021 grunna pandemien, har vore å stimulera til publikumsretta aktivitet i ein periode med monaleg lægre eigeninntekter som fylgje av smitteverntiltak. Dei økonomiske konsekvensane av pandemien råkar institusjonane ulikt. Departementet legg til grunn at institusjonane kan overføra eventuelle unytta, omframme covid-19-tilskot til 2022 for å kunna halda oppe aktivitet og sysselsetjing innanfor dei til kvar tid gjeldande føresegner om smittevern.

Det er eit vilkår at tilskotet vert disponert i samsvar med dei måla som er oppgjevne i søknaden for 2022 så langt det lèt seg gjera innanfor dei til kvar tid gjeldande reglane om smittevern. Tilskotsmottakaren skal vidare ferda ut system som er tenlege for å fylgja opp eiga måloppnåing, og som tryggjer høg kvalitet og god ressursutnytting.

Tilskotsmottakaren skal strekkja seg etter kvalitet i alle ledd, anten det handlar om formidling, kunstnarleg produksjon eller anna kulturfagleg arbeid.

2.2. Viktige omsyn

Dei etablerte, offentleg finansierte institusjonane har eit særleg ansvar for å tryggja gode og føreseielege arbeidstilhøve, og for å syta for at opphavsretten vert ivareteken, medrekna reglane om rett til rimeleg vederlag i åndsverklova.

Eit overordna mål for regjeringa er at kunst- og kulturlivet, media, det friviljuge feltet og idretten skal inkludera og vera tilgjengelege for alle, ubunde av til dømes kjønn, alder, etnisitet, religion, seksuell orientering, funksjonsevne og/eller kulturell, sosial og økonomisk bakgrunn og bustad. Kultur- og likestillingsdepartementet legg til grunn at heile sektoren medverkar til eit langsiktig og systematisk arbeid for å nå eit større mangfald av brukarar og deltakarar, av utøvarar og av uttrykk og tilbod.

Kulturdepartementet bed tilskotsmottakarane utvikla eigne strategiar for å medverka til meir mangfald i kunst- og kulturlivet. Dette inneber at tilskotsmottakarane arbeider aktivt for å tryggja at arenaene deira vert opplevde som relevante, tilgjengelege og representative for alle. Dette kan til dømes gjerast gjennom eit aktivt arbeid for å nå ut til nye grupper og ved å rekruttera breitt frå heile folkesetnaden i landet. Kultur- og likestillingsdepartementet ynskjer at det vert lagt særskilt vinn på å fremja jamstilling mellom kjønna og å inkludera samfunnsgrupper som er underrepresenterte. I dette ligg òg at institusjonane skal vurdere eige handlingsrom for å medverka til at kunst- og kulturuttrykk til samar og nasjonale minoritetar i større grad kan verta ein del av kulturlivet i heile Noreg.

Rett til samlingane og samlingsutvikling

Stortinget har slutta seg til målet om at alle musea i det nasjonale museumsnettverket får på plass skriftlege avtaler om eigar- og ansvarstilhøve til samlingane dei forvaltar, og at alle musea må ha ein gjennomtenkt strategi for samlingsutvikling, jf. Innst. 573 S (2020-2021).

På bakgrunn av dette ynskjer Kultur- og likestillingsdepartementet at musea set i gang eit arbeid med å få på plass skriftlege avtaler for samlingar som dei konsoliderte musea forvaltar, etter dei styringsprinsippa som musea sjølve finn best eigna for å ivareta det samla museumsfaglege ansvaret. Dette inneber at det konsoliderte museet må kunna avgjera kva museet skal prioritera å ta vare på for framtida, både av eksisterande objekt og ny tilvokster. Departementet vil ikkje stilla spesifikke krav til korleis slike avtaler skal ferdast ut, men legg til grunn at musea sjølve er godt eigna til å konkretisera det som bør innarbeidast i dei respektive avtalene. Slik departementet ser det, er gode prosesser og dialog om rolleavklåringar mellom vertskommunar, eigarstyre og hovudmuseet heilt avgjerande for å koma fram til ein velfungerande struktur for samlingsutvikling.

3. Andre vilkår for statstilskotet

Tilskotsmottakaren må fylgja opp dei føresetnadene og krava til økonomiforvaltning og rapportering som fylgjer av dette brevet og av vedlagde *Retningslinjer for økonomiforvaltning og kontroll for tilskuddsmottakere som får tildelt driftstilskudd fra Kulturdepartementet i 2022.*

Forsvarleg og effektiv drift

Det er eit vilkår for statstilskotet at tilskotsmottakaren tryggjer at drifta er økonomisk forsvarleg, og at bygningar og utstyr vert haldne vedlike. Vidare må det i høveleg omfang setjast av midler til investeringar, og til fri eigenkapital som tryggleik mot ikkje føresedde kostnads- og inntektssvingingar.

Eigeninntekter

Kultur- og likestillingsdepartementet legg til grunn at tilskotsmottakaren nyttar ut potensialet sitt for eigeninntekter og arbeider for å utvikla andre inntektskjelder enn det offentlege tilskotet.

Klima- og miljøtiltak

Det er viktig at alle samfunnsaktørar tek eit sjølvstendig ansvar for å leggja miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine. Tilskotsmottakaren bør vurdere aktuelle klima- og miljøtiltak i verksemda si, og ta inn ein omtale i rapporteringa om aktiviteten for 2022.

Søknader til Norsk kulturfond

Institusjonar og andre med fast årleg driftstilskot over statsbudsjettet har sidan 2007 hatt som hovudregel at dei ikkje skal kunna søkja prosjektilskot frå Norsk kulturfond. Seinare har det vore råd å vurdere unnatak, mellom anna for å fremja samarbeidet mellom institusjonar og det frie feltet. Etter at Stortinget har handsama Innst. 14 S (2021-2022), jf. Prop. 1 S (2021-2022), er det vedteke å ta bort denne regelen frå 2022. Siktemålet er å kunna ta betre vare på tilskotsmottakarar med låg statleg grunnfinansiering, og gje Norsk kulturråd større fleksibilitet til å vurdere i kva for samanhengar det kan gjevast prosjektilskot til tiltak og institusjonar med fast årleg statstilskot.

Publikumsutvikling

Departementet legg til grunn at institusjonane har god kunnskap om eige publikum og arbeider målretta for å nå nye brukargrupper, mellom anna ved å gjennomføra undersøkingar av brukarar og ikkje-brukarar. Det skal i årsrapporten gjerast greie for kva mål institusjonen har med publikumsarbeidet og korleis dette vert fylgd opp.

Departementet legg dessutan til grunn at institusjonen aktivt medverkar til gjennomføringa av dei undersøkingane som vart varsla i museumsmeldinga, Meld. St. 23 (2020-2021) *Musea i samfunnet. Tillit, ting og tid.*

Universell utforming

Departementet minner om at offentleg og privat verksemd retta mot ålmenta skal vera universelt utforma, jf. likestillings- og diskrimineringslova.

Det er eit vilkår for det tildelte tilskotet at alle som har fylgjepriv for funksjonshemma og som kjøper billett til ordinær pris til eit arrangement, får gratis billett for fylgjepersonen. Det kan eventuelt vera ei rabattordning slik at samla billettpris for den funksjonshemma og fylgjepersonen ikkje overstig prisen for ein ordinær billett.

Immateriell kulturarv

Musea arbeider med immateriell kulturarv òg. I denne samanhengen syner departementet til utgreiinga *Immateriell kulturarv i Norge – en utredning om UNESCOs konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven* utført av ABM-utvikling. Utgreiinga er å finna på heimesidene åt departementet, www.regjeringen.no/kud.

Styringsdokument

Departementet legg til grunn at musea har oppdaterte styringsdokument for verksemda si ålment tilgjengelege på nettsidene sine.

Departementet minner elles om det er viktig å ha oppdaterte og gode vedtekter som på best mogeleg måte reflekterer verksemda åt museet. Særleg gjeld dette museum der det har skjedd større endringar dei siste åra. Det er til dømes sær s viktig å tryggja god samanheng mellom vedtektene til eventuelle eigarstiftingar og den nye konsoliderte eininga med driftsansvaret.

Pensjonsskyldnader

Rekneskapslova, rekneskapsstandardar og god rekneskapskikk stiller krav til balanseføring av pensjonsskyldnader.

Mange institusjonar har dei siste åra røynt ein stor auke i pensjonsskyldnadene, noko som kan ha ført til at eigenkapitalen er redusert og i nokre tilfelle negativ. Slik auke i pensjonsskyldnadene har i stor mon samanheng med brigde i parametraner for utrekninga.

Fleire institusjonar har lukka delar av ytingspensjonsordningane dei siste åra, men det står framleis att skyldnader for nokre, som krev aktuarutrekningar til rekneskapsavlegginga.

Departementet praktiserer som styringsprinsipp overfor institusjonane at tapt eigenkapital må byggjast opp att det påfylgjande året. Departementet vil ikkje praktisera dette styringsprinsippet overfor institusjonane når grunnen til rekneskapsunderskotet og/eller tap av eigenkapital heilt ut er ein fylgje av endringar i utrekninga av pensjonsskyldnader frå det eine året til det neste. Departementet legg likevel til grunn at dei institusjonane som framleis har negativ eigenkapital som fylgje av pensjonsskyldnader tek naudsynte grep, slik at balansen mellom inntekter og kostnader, inkludert pensjonsskyldnader, vert betra.

Institusjonane må gjera greie for saka i fotnote til rekneskapsrapporten. Kulturdepartementet vil fylgja utviklinga i pensjonskostnadene nøye.

Vedlagt skjema skal fyllast ut og sendast inn på e-post til departementet innan 1. mars 2022.

Utstillingsvederlag

Me syner til avtale om utstillingsvederlag for framvising av biletkunst, kunsthåndverk og fotografisk kunst som tilhøyrer kunstnaren, og særleg til § 8 om vederlagssatsane. Det er eit vilkår at det innanfor den gjevne løyvinga vert betalt frakttilskot og utstillingsvederlag etter gjeldande satsar, og at ein elles etterlever føresegnene i gjeldande avtale om utstillingsvederlag. Satsane i perioden 1. januar - 31. desember 2022 er: del 1: kr 306,- og del 2: kr 326,-. Til dykkar orientering kan avtaleteksten hentast på: www.regjeringen.no/kud.

4. Rapportering for 2022

Tilskotsmottakaren må ferda ut rapport om aktiviteten i 2022 i webskjema for budsjettsøknaden for 2024 via Altinn-portalen. Rapporteringa skal mellom anna innehalda revidert rekneskap for 2022 og omtale av resultat i samsvar med måla for løyvingane til museum og andre kulturverntiltak, og dei måla som vart omtalte i søknaden for 2022. Vidare lyt tilskotsmottakeren rapportera i tråd med andre krav og vilkår i dette tilskotsbrevet. Departementet vil koma attende til krav til rapporten i eige rundskriv om budsjettsøknader for 2024.

5. Frist i 2022

Fylgjande dokument skal leverast **innan 1. mars 2022**:

- 1) Budsjettframlegg for 2023 og årsrapport for 2021 i webskjema
- 2) Museumsstatistikk for 2021 i webskjema
- 3) Revidert rekneskap for 2021 med balanse og noter og revisjonsmelding. Årsmeldinga frå styret skal berre leverast av dei musea som vert definerte som store føretak, jf. endringar i rekneskapslova vedtekne av Stortinget 15. desember 2017. Dokumenta skal vera signerte. Dokumenta skal skannast og sendast på e-post til departementet til fylgjande adresse: postmottak@kud.dep.no
- 4) Skjema for pensjonsskyldnader for 2021 frå dei musea som vert definerte som store føretak. Skjemaet må sendast elektronisk til departementet til fylgjande adresse: postmottak@kud.dep.no, jf. avsnitt om pensjonsskyldnader i punkt 3 i dette brevet.

Manglande innsending av desse dokumenta kan føra til at tilskotet vert halde attende.

6. Annan informasjon

Nasjonale kulturbygg

Frist for søknader til kap. 322, post 70 *Nasjonale kulturbygg* for 2023-budsjettet er 1. januar 2022.

Med helsing

Stein Sægrov (e.f.)
avdelingsdirektør

Pernian Shafiei Nylander
rådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har difor ikkje handskrivne signaturar

Vedlegg:

- Retningsliner for økonomiforvaltning og kontroll for tilskotsmottakarar som får tildelt driftstilskot frå Kulturdepartementet i 2022
- Skjema for pensjonsskyldnader for 2021

Kopi:

Fjaler kommune
Gulen kommune
Kinn kommune
Norsk kulturråd
Jakob Sande-senteret
Måløyraidsenteret
Kinn kommune